



Flå kommune

Sigve Brunes

Deres ref.	Vår ref.	Dato	Delegert til	Delegert saksnr.
	2021/1781-5	01.07.2026	Delegert kommunestyret	207/2026

13/21, Utslepp- og igangsettingsløyve for avløpsanlegg - Flatsjøvegen 243

Tiltakshavar:	Truls Buøen	Adresse:	Flatsjøvegen 2292, 3539 Flå
Søkar:	Sigve Brunes	Adresse:	Hallingdalsvegen 2874, 3539 FLÅ
Tiltakstype/- art:	Etablering av minireinseanlegg for fritidsbustad		

Kommunalt Avløpstilsyn og Vassforvaltning - Hallingdal gjev heimelhavaren løyve til utslepp av inntil 5 pe sanitært avløpsvatn frå eigedommen 13/21 med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5.

Løyve til å setje i gang bygging av separat avløpsanlegg er gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-3, jf. § 21-4.

SAKSOPPLYSNINGAR OG VURDERINGAR:

Saksopplysningar	Sigve Brunes har sendt inn søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på eigedom 13/21 og ein søknad om å setje i gang tiltak for å byggje minireinseanlegg. Anlegget er sett saman av eit Odin Batchpur minireinseanlegg for 5pe. Utsleppet er dimensjonert til 5 pe. Grunnundersøkingar og anleggsdimensjonar m.m. fylgjer av søknaden om utsleppsløyve datert 16.06.2026
-------------------------	--

	Flå kommune har vedteke ei lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming, jf. forureiningslova § 52 a og § 11-4 i forureiningsforskrifta. Tiltakshavaren må betale eit gebyr på kr. 4 000,-
Planstatus / bygg i området:	Fritidsbustaden ligg i utkanten av området avsett til dyrka mark. Tiltaket ligg innanfor byggeforbodsgrensa mot vassdrag og krev difor dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket kjem likevel ikkje i konflikt med sjølve vasstrengen eller strandsona, og inneber ikkje vesentlege inngrep i vassdragsnært areal.
Avstand til drikkevasskjelder / vassdrag:	Den innsende dokumentasjonen syner at det ikkje er registrert drikkevasskjelder nærare enn 100 meter nedstraums frå infiltrasjonsarealet.
Uttale frå helseråd/kommunelege:	Det er ikkje innhenta uttale.
Naboar:	Ikkja aktuelt, då det ikkje er nokon som blir berørt av tiltaket.
Naturmangfaldlova:	For alle saker som er aktuelle for naturmangfaldet, følgjer det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurderte og vektlagde i saka. Det er sjekka ut i Naturbasen til Miljødirektoratet og i artskartet til Artsdatabanken om tiltaket påverkar natur. Det er i området ikkje registrert prioriterte artar, truga eller nær truga artar på Norsk raudliste for artar 2015, utvalde naturtypar eller truga eller nær truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018. Det er ikkje kjende registreringar av spesielle naturverdiar i området nær det omsøkte tiltaket. Tiltaket fører ikkje til inngrep som gjer at det må hentast inn nye data eller kunnskap om biologisk mangfald. Kravet i § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er oppfylt.

	Med bakgrunn i at naturmangfaldet i liten grad vert påverka, og at det ikkje kan visast til negative effektar av tiltaket på verdifull natur, vert det lagt til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere grundigare vurderingar etter dei andre miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova om å fatte offentlege vedtak vurderer me som oppfylte.
Andre myndigheiter:	Ikkje relevant.
Konklusjon:	Tiltaket gjeld etablering av nytt minireinseanlegg frå fritidsbustad. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil føre til terrenginngrep eller endring av terrenget slik at viktige naturverdiar vert reduserte. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med vasstrengen, strandsona eller vassdragsnært areal. Søknaden er komplett og i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4. Så framt anlegget vert bygd i tråd med prosjektering og gjeldande standard finn Kommunalt Avløpstilsyn – Hallingdal det forsvarleg å gje løyve til utslepp av inntil 5 pe frå eigedomen 13/21, adresse Flatsjøvegen 243.

VEDTAK:

Kommunalt Avløpstilsyn og Vassforvaltning - Hallingdal gjev følgjande løyve(r):

Utsleppsløyve

Vedtaket er gjeve med heimel i forureiningslova §§ 9 og 11 og forureiningsforskrifta kap. 12, jf. § 12-5.

Løyve er gjeve på desse vilkåra:

- 1) Dette utsleppsløyvet gjeld for bustad på eigedomen 13/21, adresse Flatsjøvegen 243. Løyvet gjeld for 5 pe.
- 2) Den lokale forskrifta og standardkrava gjevne i forureiningsforskrifta kap. 12 skal oppfyllest:
 - § 12-7 Avløpsnett
 - § 12-8 Utslipp til følsamt og normalt område
 - § 12-10 Dokumentasjon av reinsegrad
 - § 12-11 Utslippsted
 - § 12-12 Lukt
 - § 12-13 Utforming og drift av reinseanlegget
- 3) Borebrønn skal registrerast i GRANADA (NGU sin nasjonale grunnvassdatabase).
- 4) Skulle det oppstå forureining av andre sine drikkevasskjelder / resipient er anleggseigaren ansvarleg.
- 5) Det skal teiknast skriftleg avtale om drift og vedlikehald – serviceavtale før ferdigattest / mellombels bruksløyve vert gjeve. På bakgrunn av gjennomført service skal det sendast inn årsrapport til kommunen seinast 1. februar kvart år.
- 6) Avløpsleidningane skal leggjast så skånsamt som mogleg i terrenget, og leidningstraseen skal ein så til på best mogleg måte.
- 7) Minireinseanlegget skal tømmast minst kvart andre år, eller årleg ved behov.
- 8) Anlegget skal sikrast mot frost og dekkjast over med stadlege massar, jf. prinsippskisse.
- 9) Avløpsanlegget skal dimensjonerast, byggjast og drivast etter kjende metodar eller norsk standard. Dokumentasjon skal utførast av ein nøytral fagkyndig.
 - VA/Miljø-Blad nr. 52 Minireinseanlegg
- 10) Skulle det koma offentleg eller privat avløpsleidning nær det innvilga anlegget, må tiltakshavaren kople seg til dette – jf. forureiningslova § 23.
- 11) Løyvet kan i alle høve kallast attende eller endrast etter 10 år, jf. forureiningslova § 18.

Dispensasjon frå kommunens arealdel, byggeforbodsgrense for anlegg innanfor 100meters beltet

Bakgrunn

Sigve Brunnes på vegne av tiltakshaver Truls Buøen har sendt inn søknad om dispensasjon frå kommunens arealdel for etablering av avløpsanlegg på eigedom 13/21 – Flatsjøvegen 243.

Skildring av tiltaket

Sigve Brunnes har sendt inn søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på eigedom 13/21 og ein søknad om å setje i gang tiltak for å byggje minireinseanlegg. Anlegget er sett saman av eit Odin Batchpur minireinseanlegg for 5pe. Utsleppet er dimensjonert til 5 pe.

Søknaden gjelder rehabilitering av eit eldre avløpsanlegg. I Flå kommune sin arealdel ligg det inne eit generelt forbod mot nye tiltak innanfor 100metersbeltet. Avløpsanlegg faller inn under definisjonen for tiltak som er omfatta byggesaksreglane.

Rettsreglar

Tiltak kan ikkje gjennomførast dersom dei er i strid med bindande arealplanar. Tiltaket må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, eller reguleringsplan dersom ein slik plan gjeld for området, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 12-4.

Kommunen kan gi dispensasjon frå føresegner eller arealformål i plan, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Dispensasjon kan berre givast dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, eller omsyna i lova si formålsføresegn, ikkje blir vesentleg sette til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Ved vurderinga skal det leggjast særleg vekt på konsekvensane for helse, miljø, tryggleik, tilgjenge og andre offentlege interesser. Statlege og regionale rammer og mål skal tilleggast særleg vekt. Private interesser kan inngå i vurderinga, men kan normalt ikkje åleine grunngje dispensasjon. Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen dersom dette er nødvendig for å avgrense ulemper eller vareta omsyna bak planen.

Kommunen si vurdering

Omsynet bak byggegrensa mot vassdrag er mellom anna å ta vare på naturmiljø, landskap, vassmiljø og allmenne interesser knytte til vassdraget. Det omsøkte tiltaket gjeld rehabilitering av eit eksisterande avløpsanlegg og inneber ikkje etablering av ny busetnad eller annan utbygging som privatiserer området eller reduserer allmenta si tilgang til vassdraget.

Det nye avløpsanlegget vil gi ei vesentleg betre reinsing enn det eksisterande anlegget og medverke til redusert utslepp av næringsstoff og organisk stoff til resipienten. Tiltaket vil såleis ha ein positiv effekt for vassmiljøet og er i tråd med måla om å betre miljøtilstanden i vassførekomsten.

Kommunen vurderer at omsyna bak byggegrensa mot vassdrag ikkje blir vesentleg sette til side ved å gi dispensasjon. Tvert imot vil tiltaket bidra til å redusere forureininga til vassdraget.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene. Den miljømessige gevinsten ved å erstatte eit eldre avløpsanlegg med eit moderne reinseanlegg veg tyngre enn dei avgrensa ulempene tiltaket kan medføre. Vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er dermed oppfylte.

Vedtak

Det blir med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (byggeforbodsgrensa mot vassdrag) for etablering av minireinseanlegg.

Gebyr for saksbehandlingen på 12 100,- sendast tiltakshaver.

Løyve til å setje i gang bygging av separat avløpsanlegg

Vedtaket er gjeve i medhald av plan- og bygningslova § 20-3, jf. § 21-4, jf. ny forskrift som gjeld frå 01.07.2010 om saksbehandling og kontroll (SAK10) §§ 5-1,5-4 .

Løyvet er gjeve på desse vilkåra:

1. Dersom det under anleggsarbeid dukkar opp kulturminne som automatisk er freda, må arbeidet straks stansast og kulturavdelinga i fylkeskommunen varslast, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.
2. Løyvet fell vekk dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år. Det same gjeld om arbeidet stansar i lengre tid enn 2 år, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
3. Anlegget må ikkje takast i bruk utan at ferdigattest/ midlertidig bruksløyve er gitt jf. pbl. § 21-10. Revidert gjennomføringsplan skal vera med søknad om ferdigattest. Dette gir grunnlag for utskriving av ferdigattest.
4. Tilkomstveg for tømning av avløpsanlegg skal tilfredstille krav sett i lokal forskrift om tømning av avløpsanlegg. Dette skal dokumenteras ved søknad om ferdigattest.
5. Tiltaket skal dokumenterast med foto, ved innsending av søknad om ferdigattest.
6. Dersom tiltaket / delar av tiltaket flyttast til annan eigedom skal skriftleg avtale leggjast ved søknad om endring eller ferdigattest.

Desse føretaka har erklært ansvarsrettar for dette tiltaket:				
Funksjon	T.kl.	Føretak	Dato	Ansvarsområde
SØK/PRO	1	Sigve Brunnes	16.06.2026	Søknad og prosjektering
UTF	1	Høgevarde Hytteservice AS	16.06.2026	Avløpsanlegg

UTF	1		Grunn- og terrengarbeid
Godkjend situasjonsplan			
Teikning nr.	Teikning namn		Dato
1	Situasjonsplan avløp		16.06.2026
			

Informasjon om klagerett

Part eller annan med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, jf. forvaltningsloven (fvl.) §§ 2 fyrste ledd bokstav e og 28. Klagefristen er 3 veker frå vedtaket er motteke, jf. fvl. § 29. Klaga må innehalde datoen for kva tid vedtaket vart motteke, kva vedtak ein klagar på, endringar klagaren ynskjer, og kva grunnar klaga støttar seg på. Klaga må vere underteikna.

Sjølv om du har moglegheit til å klage, kan vedtaket normalt gjennomførast straks. Om du meiner vedtaket må få utsett iverksetjing inntil klagefristen er ute eller klaga er avgjort, kan du be om det, jf. fvl. § 42. Vedtak om utsett iverksetjing kan du ikkje klage på. Klaga skal sendast skriftleg til den kommunen tiltaket er plassert i.

Du kan ikkje reise søksmål om gyldigheit eller erstatning som følgje av vedtaket, utan at du har nytta klageretten din, og klaga er avgjort av den høgste klageinstansen som står open, jf. fvl. § 27 b. Om det har gått 6 månader frå du framsette klaga fyrste gong, og det ikkje er din feil at klageinstansen ikkje har avgjort saka, kan du likevel reise søksmål, jf. fvl. § 27 b.

Med hilsen

Glen Arvid Valstad

Saksbehandler

Elektronisk godkjent uten signatur

Vedlegg

- 1 Prosjektering av avløpsanlegg.pdf
- 2 2407-H01 - AVLØPSPLAN.pdf
- 3 5185-gjennomforingsplan.pdf